

Årsmelding 2018 Hornindal og Markane skyttarlag

Styret

I styre har vore: Paul Andreas Hatledal (leiar) Idar Nygård (nestleiar) Thore Heggen (sekretær) Ann Therese Gausemel (styremedlem) Rita Gausemel (styremedlem) Ronny Heggen (kasserar og rekneskapsførar)

Vara til styret har vore: Susanne Hove Sollid og Inger Marie Svingeset.

Det har vore halde 10 styremøter og handsama 77 saker.

Anlegg

I fjor kunne vi ta i bruk eit nytt og moderne skyteanlegg takka vere DFS og stor dugnadsinnsats av medlemmane våre. Men gleda over eit flott anlegg vart redusert etter kvart som vi oppdaga at det vart mykje støv av isolasjonen i veggane i skytebåsane. Problemet vart teke opp med DFS, der vi ønskte at det vart lagt duk mellom netting og isolasjon. Dette er gjort, og støvproblemet er eliminert.

Vi har hatt ein del problem med vatn bak skivene på 100 m, men der er det no drenert og vatnet vert leia ned til elva bak 100 m grav. Så langt ser det ut for at dette fungerer bra.

Det har i mange år vore eit problem med overspenningar ved torever som har øydelagt teknisk utstyr. For å redusere faren for havari på dataanlegg, monitorar og skiveelektronikk, vart det anbefalt å skifte ut kablar mellom skiver og standplass med fiber. Dette er no gjort, og vi har fått 20.000,- i støtte til dette arbeidet frå Sparebankstiftinga. I tillegg er det kjøpt inn og montert overspenningsvern på alle tekniske installasjonar på standplass og kontor.

Av andre mindre innkjøp som er gjort kan nemnast: Nokre nye skivefrontar og sensorar.

Arrangement.

Laget har i år arrangert Miniatyrstemne 22.- 25. november med 84 delt.

Vintertreffen i miniatyr 3. - 6. januar med 113 deltakarar.

Finale i Returacup 7. og 8. mars (Samlaget er arrangør)

Lagsskyting miniatyr med 24 deltakarar.

Lagsskyting felt med 14 deltakarar.

Lagsskyting bane med 10 deltakarar. (Dugleiksmarkeprogram.)

Samlagsstemne bane med 58 deltakarar. Arve Halsteinslid vart samlagsmeister med 343 p.

Olsokstemnet i år samla 222 deltakarar noko som er på det jamne.

Vinnar av stemnet vart Bjarne Muri med 390p. Olsokpokalen gjekk ut i år og det vart ein svært jamn duell mellom Hyen og Lom og Skjåk. Til slutt var det kun 1 innertiar som gjorde at Hyen kunne ta med seg denne flotte pokalen heim.

Det vart vist mykje god skyting, spesielt i dei aldersbestemte klassane.

Aktivitet / rekruttering / resultat.

Rekrutt-treningar starta i november og innandørssesongen vart avslutta rundt påsketider.

Vi har ein bra gjeng som er med på innandørstreningar, men skulle gjerne sett at det var fleire som ville vere med på stemner. Ansvarleg for rekrutt trening har vore AnnTherese Gausemel.

Den årlege aktivitetdagen på Sindre for mellomtrinnet og ungdomsskulen vart avvikla over 2 dagar, der det eine dagen var i kombinasjon med førstehjelpskurs. Skytinga vart lagt opp som ein 25 – skots konkurranse, og dei aller fleste tykte dette var kjekt.

Som nemnt i årsmeldinga i fjor fekk vi då spørsmål frå DFS v/ Jarle om vi ville vere med i eit pilotprosjekt som går ut på eit tettare samarbeid mellom Skiskyttarforbundet og DFS.

Vi gjorde då avtale med skiskyttargruppa i Markane i.l. om instruksjon og skytetrening på innandørsbana vår. Det vart starta opp med trening i midten av november og avslutta til påske. På det jamne var det 10-15 stk på kvar trening, totalt 20 var innom minst 2 gonger. Tilbakemeldingane var positive, og det vert tilsvarande opplegg for komande sesong.

Når det gjeld deltaking på opne stemner så er det lite oppløftande når det gjeld antal deltakarar. Knut Lillestøl og Ole Kristian Lødemel er dei ivrigaste, men det burde vore mange fleire. Desse to var også dei einaste som tok turen til Stjørdal og LS.

Resultatmessig så hevdar Knut seg svært godt i kl. V65. Han har vunne fleire opne stemner i miniatyr, men det som nok er rangert høgast er Landsdelskretsstemne på bane der han vann med 349 p. Han er også samlagsmeister både på felt og miniatyr.

Årsmelding 2017 Jegerutvalet v/ Steinar Lunde

På Jeger cupen var det 22 deltakere. Høgt nivå på dei fleste. Skulle gjerne vore fleire. Jaktprøve trening og oppskyting fungerte utmerket I år. Berre fornøgde skyttarar.

På laurdag en var det 5 stk som kom. Kan vurdere behovet til neste år om det er nødvendig å bruke ein laurdag. I tilfelle korte ned på tida fra 4 til 2 timar.

Årsmelding skifeltutvalet 2018. v/ Idar Nygård

Det har ikkje vore arrangert stemne i skifeltskyting i 2018.

Vi har sondert i terrenget rundt Hornindal skisenter for å finne nytt område for skyteplassar til NM 2019.

Det har vi no lokalisert og fått godkjent av politiet. Der er også rydda ein del skog i skytefeltet.

20 okt. 2018.

Idar Nygård. Leiar skifeltutvalet.

Utleige.

Bana har vore utleigd til Stryn og Hornindal Jeger og Fiskeforeining, Heimevernet og politiet.

Det er gjort avtale med Sudstranda skyttarlag om leige av bana 3 kveldar for sesongen til trening og hjorteprøve.

Miniatyrhallen har vore utleigd til 10. klasse ved Hornindal skule i samband med 1. og 17. mai feiring.

Bingo

Inntekt av bingo har dette året vart litt mindre enn i fjor. Bruttoomsetning på ca. 81.300,- er vi likevel godt nøgde med. Vi ser fram til neste sesong med optimisme.

Medhjelparar til bingoen har stort sett møtt opp, men det har vore ganske mykje omrokeringar frå den først utsende lista. Dette har medført ein god del ekstraarbeid for bingoansvarleg. Vi vil igjen minne om at eit medlemsskap har både rettar og plikter. Alle bør klare å ta ein søndag ettermiddag som medhjelpar på bingo. Det er tross alt ei av dei største inntektskjeldene våre og bidreg sterkt til drift av laget.

Økonomi.

Økonomien i laget må seiast å vere god. Vi har bra med pengar på bok, og det er ikkje planar om store investeringar i næraste framtid.

Arbeid framover

Vi er oppsett som arrangør av skifelt NM 2019. Det har allereie vore jobba med nye skytefelt i terrenget rundt Hornindal skisenter, og det er gjort ein god del arbeid med skoging i løpet av sommar / haust.

Opplæring av fleire personar til viktige funksjonar som f.eks. standplassleiar, vedlikehald elektronikk, vedlikehald skivemateriell, oppdatering av dataprogram etc.

Må bli flinkare til å få ut informasjon til medlemmane.

Rekruttering av nye skyttarar i alle aldrar.

Til slutt vil eg takke alle som på ein eller annan måte har hjelpt til på arrangement, bingo og dugnad. Ei spesiell takk til dei som no takkar for seg i styret.

Hatledal 25. oktober 2018

Paul Andreas Hatledal

- leiar -